Adressering

A

---

**Kunngjering av årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget 2023: torsdag 16. februar kl. 19.00**

---

## STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad — 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa renhau.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal — 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

## PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale — 97 82 62 48(p)
a.r.dale alfakrøll admin.uio.no

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes — 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:**
Anders Gjelsvik — 21 92 02 05 (p) – 91 55 10 58 (a)
andergj krøllalfa fiiser.no

**Kontakt Nordfjordhytta:**
Dagfinn Aa — 45 00 49 33
dagfinn.aa@online.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Ingjerd Torsby — 913 16 368
sofingjerd@gmail.com

---

**Sendar:** **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
**Nordahl Brunsgate 22**
**0165 Oslo**

---


# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR. 3 2022 — 37. ÅRGANG




Hesteskokasting på Nordfjordhytta i oktober, kva blir det på Sunnfjordhytta søndag 6. nov.?

FOTO:Astrid Fridtun

## 6. nov. blir det open dag på Sunnfjord-hytta - og 5. nov. er det smala-hovelag - Vel-komen!



FOTO:Alv Reidar Dale

# Smalehovelag **5. nov.** og open dag på **Sunnfjordhytta 6. november** - velkommen!



FOTO:Alv Reidar Dalea

*Nokre av dei beste hovuda i laget samla til smalahovegilde på Sunnfjorhytta hausten 2014.*

**Det vert smalehovegilde på Pustut laurdag 5. november.**

Hovuda skal vere ferdige til servering kl. 18. Det vert folk på hytta frå ca kl. 13, så kom gjerne i god tid før klokka seks.

Hyttestyret står for innkjøp av smalehovud og det som høyrer til. Kvar og ein tek med drikke til middagen. Prisen er kr 225 i år og. Betal gjerne til lagets konto 0531 27 71723.

Dei som vil overnatte til søndag, då det er open dag på hytta, tek med sovepose eller lakenpose og litt frukostmat.

**Påmelding**

Du melder deg på til Agnar Hegrenes, epost: agnar.hegrenes@outlook.com - eller tlf. 924 96 438, eller til Andor Gjelsvik, epost: andorgj@frisurf.no, tlf. 915 51 058, seinast tysdag 1. november.

Det er enklast å gå frå Snippen stasjon på Gjøvikbana eller frå parkeringsplassen ved Sagtomta i Nittedal. Fylg skilting til Sinober.

Dersom du treng fleire opplysningar om t.d. vegen til hytta, kan du kontakte ein av oss.

For hyttestyret, Agnar Hegrenes





Triveleg lag på Nordfjordhytta i oktober, det neste blir open dag på Sunnfjordhytta søndag 6. nov.!

FOTO: Dagfinn Aa

## **Ei innbyding** til noverande, tidlegare og nye medlemar i Sogn og Fjordanelaget og Sogn og Fjordaneringen

**Legg søndagsturen til Sunnfjordhytta i Lillomarka søndag 6. november i 12-tida og til ca 16-tida!**

Vi inviterer til hyttetur til Sunnfjordhytta i Lillomarka. Invitasjonen går til alle som likar ein tur i marka. Ta med ein ven (eller ikkje) og kom! **Vi vartar opp med kaffi, litt kaffimat og kjekke aktivitetar.**

Dette er eit framhald av initiativet til å få litt meir liv i hyttene, og vise fram hytta for nye generasjonar. I oktober var vi på Nordfjordhytta, sjå biletet over og på framsida.

Har du spørsmål, treng du hjelp til å finne fram, skyss eller berre har lyst til å slå følgje med andre, ta kontakt med turkomiteen.

Korleis kome til Sunnfjordhytta: 1: Ta toget til Snippen og følg merka sti mot Sinober.

Eller 2: Ta bil til Kjul i Nittedal (RV4) og følg skilting til Lillomarka parkering. Ta til høgre forbi bommen og gå på grusveg til Sinober. Frå Sinober på sti mot Snippen ca 300 m.

Her er meir informasjon om Sunnfjordhytta:
https://www.sognogfjordanelaget.no/hyttene/pustut-2/
https://www.sognogfjordaneringen.no/sunnfjordhytta/

***Glad hausthelsing frå komiteen***:

| Torkjell | Dagfinn | Astrid |
|---|---|---|
| 41506642 | 45004933 | 99691963 |

Torkjell.s@gmail.com
dagfinn.aa@online.no
as-fridt@online.no